



Statens vegvesen
Postboks 8142 Dep
0033 OSLO

Referanser:
Dykkar:
Vår: 14/1235 - 19/530

Saksbehandlar:
Frøydis Ones
Froydis.Ones@lindas.kommune.no

Dato:
08.01.2019

Oppsummering frå møte med Statens vegvesen - etter klage på vedteken områdeplan Alversund

Møtetid: 8. januar 2019

Til stades:

Frå vegvesenet: Hege Løtveit, Tor Høyland, Marianne Skulstad, Tone Bøyum

Frå Lindås kommune, eigedom: Inger Marie Jordal, Line Valle, konsulent frå Multiconsult: , Constructa:

.....

Frå Lindås kommune: geodata og plan: Terje Villanger og Frøydis Ones

Bakgrunnen for møtet var eit ynskje om dialog for gjennomgang av punkta som Statens vegvesen har klaga på etter Kommunestyret si godkjenning av planen, 1. november 2018.

Lindås kommune erkjenner at dialogen med Statens vegvesen kunne vore betre i fasen frå offentlig ettersyn til endeleg godkjenning av planen. Fylkeskommunen fremja motsegn til planframlegget på grunnlag av kulturminne og kulturhistorisk landbruksmiljø, og Lindås kommune har tidspress for å få planen vedteke på grunnlag av politiske målsettingar. Den nødvendige kvalitetssikringa med vegvesenet kom difor i bakgrunnen av nødvendige avklaringar med fylkeskommunen og Riksantikvaren.

Statens vegvesen klaga på vedtaket i Kommunestyret på følgjande punkt:

- Mellombels bruk av eksisterande veg til nytt skuleområde, merka # 5 i plankartet, er ikkje avklara med vegvesenet. Dei er kritisk til mellombels bruk av vegen utan krav om opparbeiding av kryssområdet og til bygging av tiltak på BOP3 og B2. Kommunen presiserte at det ikkje skal byggjast på B2 før krysset er etablert, sidan det er plankrav til B2. Det vart og gitt ei orientering om innhaldet i klagen frå fylkeskommunen, og vilkår sett til utgravinga av kulturminna i vedtaket frå Riksantikvaren. Eigdomsavdelinga i kommunen er i dialog med fylkeskommunen ved kultur i samband med flytting av lemstova. Det er kome signal på at det kanskje er mogleg å ta ned lemstova for mellomlagring. Dette var ikkje ein aktuell moglegheit før planen vart vedteken av Kommunestyret. Ei mellomlagring vil og ha ein kostnad som må vurderast av Lindås kommune. Multiconsult har fått oppdraget av eigdomsavdelinga med å utarbeide situasjonsplan for del av BOP2 som omfattar kulturminna. Denne situasjonsplanen skal godkjennast av fylkeskommunen. Statens vegvesen ynskjer å vere med i dialogen vidare med fylkeskommunen. Konklusjon:

Post

postmotak@lindas.kommune.no
Dokumentsenteret
Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø

Kontakt

www.lindas.kommune.no
Telefon +47 56 37 50 00
Telefaks +47 56 37 50 01

Konto 1503 22 54567
Org.nr. 935 084 733

DER DRAUMAR BLIR RØYNDOM



Eigedomsavdelinga i Lindås arbeider vil få på plass situasjonsplanen for kulturminna snarast råd slik at denne kan verte lagt til grunn for dialog om endeleg løysing for også opparbeidinga av veg inn til nytt skuleområde. Vegvesenet vert invitert inn i møter med fylkeskommunen. Den vidare dialogen vil gje svar på om klagen fell vekk på dette punktet.

- Det er ikkje samsvar mellom det som vert sagt i saksutgreiinga og det som er endra i føresegna. Dette er knytt til:
 - 30 meters byggesone langs vestsida av fylkesvegen. Denne sona skal sikra ei mogleg framtidig etablering av gang- og sykkelveg. Konklusjon: Dette er lagt inn i plankartet av Lindås kommune, men nytt plankart er ikkje sendt ut til regionale mynde. Klagen fell vekk på dette punktet.
 - O_SG1 må også innarbeidast i føresegna i samsvar med merkaden til planframlegget. Konklusjon: Intensjonen har vore at føresegna vert endra i samsvar med merkaden frå vegvesenet knytt til denne delen av gang og sykkelveg. Klagen fell vekk på dette punktet.

Statens vegvesen vil trekke klagen skriftleg når dialogen med fylkeskommunen er gjennomført, og det ligg føre ein løysing som kan akseptrast.

Med helsing

Frøydis Ones
avdelingsleiar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Statens vegvesen

Mottakarar:

Statens vegvesen

Postboks 8142
Dep

0033

OSLO